

NR. 5

JUNI 1982

15. ÅRG.

## Som å vera forelska

*«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.»*

1. Peter 1:3.

Det hender me seier «takk og lov». Det er helst når noko kunne ha enda ille, men takk og lov, det gjekk godt!

«Von» er mest ikkje i bruk lenger i norsk talemål — no heiter det håp. Det motsette av ei levande von — må vera ei død von — eg veit ikkje noko betre å samanlikna ei død von med enn kjærleikssorg.

*forts. s.2*

## Takk, Anne-Line og Valborg!

Valborg Natvig, som har vore menighetsselev i Arna kyrkjelyd i år, slutta i byrjinga av mai. Då var skuleåret på Menighetsseminaret slutt. Eittåringen vår, Anne-Line Sandegren, reiser i slutten av juni. Vi takkar for det dei har vore mellom oss denne vinteren, og for den tenesta dei har gjort. Særleg har dei betydd mykje for arbeidet mellom dei unge.

Saman har dei starta ei barne-songgruppe på Trengereid. Bileta under er frå «kle-seg-ut-festen» som gruppa hadde i mai. No vonar vi at nokon kan ta over som leiarar av denne gruppa etter ferien.

Vi ynskjer Valborg og Anne-Line Guds rike signing og lukke til vidare!



## Fra side 1

Somme har opplevd det. Alt det ein drøymde om — lengte etter, sjå, det vart borte, det var ikkje lenger nokon å knyta vona til. Så veit eg heller ikkje noko betre å samanlikna ei levande von med enn det å vera forelska. Somme hugsar korleis det var og er! Det hugsar korleis det var og er! Det hugsar korleis det var og er! Det hugsar korleis det var og er! Det hugsar korleis det var og er! Det gir inspirasjon og mot! Og forelskelsen rettar blikket framover!

Det var ein situasjon i menneskeslekta si saga då det kunne ha gått gale! Jesus låg død i ei grav — dei som stod han nærast hadde gitt opp vona. Men takk og lov til Gud! Jesus stod opp frå dei døde!

Difor har også me del i ei levande von — ei von som rettar blikket framover. Ser me framover på kort sikt — kan me bli motlause — der ventar ei grav.

Men rettar me blikket først mot Jesu grav, ser me at den er tom, det er då me børjar få del i den levande vona ... den som frigjer, som gir krefter, gir glede, som gir fri-mod til tenesta i ei verd der ordet «håpløysa» går igjen og igjen — slår menneske ned, drep glede.

For Jesu grav er tom avdi Guds kraft er levande og verksam. Jesu grav er tom så me skal veta: Målet for livet er ikkje død og grav, men LIV. Jesu grav er tom slik at me skal veta: Liv er å dela med kvarandre det Jesus har delt med oss: Det evige liv!

Asgeir Straume



## KIRKENES SOS

Engen 22, 5000 Bergen er telefon-senteret for samtale og sjelesorg. Du kan bruke tlf. 23 30 80 kl. 19.00-07.00 når du trenger et menneske å snakke med.

For økonomisk støtte kan du bruke postgiro nr. 5 30 00 09 el. bankgiro nr. 8401.21.00778. Takk for ditt engasjement.

### KURS I KYRKJELYDSARBEID

Bjergvin bispedømeråd har til hausten kurs i kyrkjelydsarbeid. Kurset er over 12 onsdagskveldar kl. 18.30-21.05.

Opplysningar kan ein få hjå: Jussi Pihl, Nøstegaten 42, tlf. 21 12 16.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontorét Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.  
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.  
Torsdag kl. 17.30-19.00.

Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.  
Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00 og fredag kl. 09.00-10.00, eller etter av-tale.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna  
Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Syivi Sæle, Bjerg Risøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 6 — 8. aug.

## MØTE

### Haugland Bedehus

Stemne søndag 27.6 kl. 15.00. Den Indre Sjømannsmisjon.

### Kristenrussen

Kristenrussen har møte i Arna desse dagane:

17. juni: Betania, Lone kl. 20.00.

18. juni: Ytre Arna kyrkje kl. 19.30.

19. juni: Arna bedehus kl. 19.30.

Dei samlar i år inn pengar til eit kyrkjesenter i Bangkok for Det Norske Misjonsselskap.

### Kyrkjelydsturen

Kyrkjelydsturen går dette året til Ostereidet / Lindås / Mongstad. Dato er 29. august. Nærare opplysningar i kyrkjene og på kyrkje-kontoret når tida nærmar seg.

### Ny organist

Vidar Vikøren er tilsett som organist i Arna kyrkje. Han tek til i stillinga 1. september. Han er frå Vik i Sogn og har nyleg teke kantoreksamen ved Musikkhøgskulen.



Så var det presten som kom til kyrkja i regnver og klaga seg til klok-karen at han var så våt.

— Ta ikkje det så tungt, sa klok-karen, — du vert snart nok turr når du kjem på stolen likevel.

## HUS/LEILIGHET

Har du hus/leilighet til leige? Kateketen og den nye organisten er huslause. Kan du hjelpe så ring kyrkje-kontoret tlf. 24 04 00.



## Takvamstemne

For oss som var med på Takvamstemne for 2 år sidan, var det ei stor oppleving. Det synt seg at «søskenbanda» over Sørfjorden var sterke.

No bed vi inn til nytt Takvamstemne, 22. aug. kl. 16.00 i Takvam kapell. Prestane i Haus og Arna vert med. Kaffi på kyrkjebakken. Detaljert program kjem seinare. Folket på begge sider av Sørfjorden er hjarteleg velkomne!

Nemnda for  
Takvam kapell

## Radiogudsteneste frå Arna

Søndag den 13. vert gudstenesta i Arna kyrkje overført i radio. Vi oppmodar kyrkjelyden om å møte fulltallig fram og å vere aktivt med i salmesong og liturgi, så gudstenesta kan verte så god som mogeleg.

# Familieside

## DØYPTE:

### Arna sokn:

8/4: Arild Gravdal.  
11/4: Øystein Konrad Thunestveit, døpt i Ådland Kyrkje.  
18/4: Marius Stiansen, Christian Erichsen, Renate Vik, Lene Linn Hansen.  
25/4: Lars Hellestræ, døpt i Nykirken.  
16/5: Marte Straume, Linda Hammersland, Astrid Sundland, Linn Beate Opdahl, Johanne Almenning, Margreta Straume.

### Ytre Arna sokn:

18/4: Ørjan Svoldal Helland.  
25/4: Richard Kirkevik Toft, døpt i Arna.  
20/5: Marie Cecilie Dale.  
23/5: Solveig Holmefjord.

## VIGDE:

### Arna sokn:

27/2: Rune Rosenvinge og Line

Christoffersen. Vigde i Fana.

15/5: Flemming Walle Rasmussen og Ingebjørg Takvam.  
Terje Erdal og Åse Marit Kleive-land.

### Ytre Arna sokn:

17/4: Rune Loftås og Henny Margrethe Rolland.  
30/4: Anders Ekanger og Målfrid Johanna Sellevold.  
22/5: Lars Arne Fjeldsbø og Grete Teigland.

## DØDE:

### Arna sokn:

3/4: Josef Ommedal, f. 1900.  
21/4: Peder Ingvald Hundhammer f. 1912.  
30/4: Johanna Regina Aksdal f. 1897.

2/5: Moritz Bjarne Vatlø f. 1915.  
9/5: Arthur Unneland f. 1906.

### Ytre Arna sokn:

8/4: Augusta Havre f. 1902.

## Ofringane i kyrkjelydane

### Arna:

21/3: IKO	2.141
28/3: Menighetsfakult.	1.365
4/4: Blå Kors	899
9/4: Kyrkjelydsarb.	552
11/4: Sjømannsmisj.	2.088
12/4: Kyrkjelydsarb.	572
18/4: Kyrkjelydsarb.	1438
2/5: Kyrkjelydsarb.	3840
9/5: Kyrkjelydsarb.	3786
16/5: Døvearbeidet	2213
17/5: Sundagsskulearb.	1432
20/5: Kristel.	
kringkastingslag	860

### Ytre Arna:

28/3: IKO	1.150
11/4: Sjømannsmisj.	714

18/4: Santalmisj.	830
1/5: Kristne	
ard.forbund	530
2/5: Kyrkjelydsarb.	2800
23/5: Modum bad	
nervesanat.	1174

## Anonym gåve

til kyrkjelydsarbeidet i Ytre Arna kr. 1.000,-. Takk for gåva!



Presten  
har  
ordet



Øyvind Øy

## Send borna på leir!

Sommaren står for døra med ferie og fritid, og mange har nok alt lagt sine planar for ferien. Vi vil like vel minne om at sommartid også er leirtid. Hundrevis av born og unge vil i tida framover samlast til leir rundt ikring i landet. Her er nok av tilbod å velja mellom, både for dei som vil reise langt og for dei som ynskjer ein leirstad som ikkje er så langt unna. Det er festivalar og andre storsamlarar for unge og leirar for 9-10 åringar som vil prøve seg for første gong.

Leir er ei rik og fin oppleving som vi ikkje gløymmer så lett og gjev eit friskt og fint kameratskap. Alle som har vore på leir, veit det, og difor er det så viktig at vi tilskundar born og unge så dei får oppleve leirlivets gleder. Samstundes gjev leirane som våre kristelege organisasjonar skipar til, eit fint kristent miljø der borna får hjelp til å ta vare på og utvikle sin kristne tru.

Dei som ynskjer nærare opplysningar, kan ringe 24 04 00/24 02 15. Ein del leirar er nok alt fullteikna, men det er framleis plass på andre.

Vi nemner og at for dei som ynskjer å reise på leir saman med borna sine, er det familieleirar og familiecamping fleire stader.

God leirsommar!

## KONFIRMANT YTRE ARNA 1932?

Mange stader har det vorte vanleg å samla 50-års konfirmantane. Det har vist seg å vera populært, og til hausten vil vi prøva det i Ytre Arna. Ein samlast då til gudstesta i kyrkja kl. 11.00 med eit samver i Kyrkjelydshuset etter det. Der vil ein kunna treffa kjende og friska opp minner frå «gamle dagar». Vi vil prøva å nå kvar einskild med innbyding dersom vi kan finna adressa i dag.



## Ferie for prestane

Sokneprest Øy har ferie i tida 21.6-18.7. Res.kap. Sundsbø har ferie 19.7-15.8.




## Prestekontoret i Ytre Arna

Etter søknad frå res.kap. med tilråding frå soknerådet gjorde formannskapet i Bergen nyleg vedtak om å flytta prestekontoret for Ytre Arna sokn til Kyrkjelydshuset. Som kjent har kontoret til no vore i prestebustaden. Då Kyrkjelydshuset vart ominnreia vart det laga plass for prestekontor. Ved at det vert flytta dit, vil det og gjera arbeidet enklare for soknerådet og dei andre tilsette i kyrkjelyden.

Ein reknar no med at kontoret vert flytta i sommar ein gong. Det vert nytt telefonnummer (truleg 24 23 02) og kontortidene vert endra. Res.kap. Sundsbø vil framleis ha telefon 24 13 25 privat.

TV-innsamlingen 82



TV-innsamlinga går i år til humanitære prosjekt der norsk misjon arbeidar. Bak innsamlinga står Norsk Misjonsråd som representerer 24 ytre misjonsorganisasjonar innan ulike kyrkjesamfunn. Dei har i dag ca. 1.600 misjonærar i over 50 land. På misjonsmarkene er det stor trong for sjukehus, skolar, støtte til landbruksprosjekt, vassboring o.l. Pengane går til prosjekt misjonen i dag ikkje har midlar til å fullføra. Alle midlane som vert samla inn vil verta brukt innan kort tid, då prosjekta dei skal brukast til, er klare. Det vert oppnemnt tverrkyrkjelege innsamlingskomitéar både i Ytre og Indre Arna. Dei treng folk til å bera bøsser og mange glade gjev-arar søndag 10. okt.

Ynskjer du å vera med som bøsseberar, kan prestekontora formidla kontakt med innsamlingskomitéen.

Redaksjonsnemnda  
ynskjer alle lesarane

GOD SOMMAR



## NYTT FRÅ SOKNERÅDA

### Ytre Arna sokneråd:

Ytre Arna sokneråd har fått melding frå kommunen om at det vert stilt midlar for løn til 1/2 diakonklokkar til rådvelde for kyrkjelyden. Midlane kan brukast til løn til klokkar, kontorhjelp, og anna kyrkjeleg/sosialt arbeid i kyrkjelyden. Dei andre kyrkjelydane i Bergen har og slik ordning. Soknerådet gjorde vedtak å søkja om godkjenning for kontorhjelp med 10 timar pr. veke for prestekontoret og soknerådet av desse midlane.

### Ny formann i soknerådet:

Då Beynjar Rismyhr flyttar, vert det nestformannen, Eli Mohn som tek over som formann i soknerådet. Såleis har begge sokneråda i Arna kvinneleg formann! Ny nestformann er: Per Sæle.

### Samling for 50-års konfirmantar

Soknerådet gjorde vedtak om å prøva med samling av 50-årskonfirmantane.

### Rampe for rullestol

Ved kyrkja skal det lagast rampe slik at dei som brukar rullestol kan koma inn i kyrkja. Det er uvisst kva tid ein får løyving til det, men soknerådet går inn for å byggja rampen ved sidedøra på austsida av kyrkja.

### I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleivland*

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

### Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

### Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

### VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

### EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

### EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørjes oppsatt.

### ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866  
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt  
beste gjennom 115 år.



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-  
forhandler

GOLE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har laveste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

### ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-  
de av elektriske forretninger  
EL-KJØP

# Velkommen til kyrkje



## 13. JUNI:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Sundagsskule.

## 20. JUNI:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer Solidaritet med Polen.

Ytre Arna kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Menighetsseminaret.

## 27. JUNI:

Arna kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Ytre Arna kl. 11.00: Akademilektor Arve Bronvoll.

## 4. JULI:

Arna kl. 11.00: Norsk Kristen Muslimmisjon. Nattverd. Offer til Muslimmisjonen.

Ytre Arna kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Offer til Muslimmisjonen.

## 11. JULI:

Arna kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø.

Trengereid kl. 11.00: Stud. theol. Kåre Rune Hauge.

## 18. JULI:

Arna kl. 11.00: Stud. theol. Kåre Rune Hauge. Offer til Norges Samemisjon.

Ytre Arna kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Norges Samemisjon.

## 25. JULI:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

Ytre Arna kl. 11.00: Stud. theol. Kåre Rune Hauge.

## 1. AUG.:

Arna kl. 11.00: Ole Yndesdal. Offer til Det Vestlandske Indremisjonsforb.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy og Frantz Ingebrigtsen. Offer til Blå Kors.

## 8. AUG.:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Den Indre Sjømannsmisjon.

Trengereid kl. 11.00: Stud. theol. Kåre Rune Hauge. Offer til Dronning Mauds Minne.

## 15. AUG.:

Arna kl. 11.00: Ingmar Ljones. Offer til Misjon bak jernteppet.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

## 22. AUG.:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Offer til Modum Bad Nervesanatorium.

Takvam kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø. Stemne.

## 29. AUG.:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.